

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.04.2020

Vår ref.: 201839611-11

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Gert Vidar Høgseth

22959543/gvho@nve.no

Kunngjering-høyring av søknad om grunnvassuttak på Hauge, Lærdal kommune

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve etter vassressurslova § 45 i saker som gjeld grunnvasstiltak.

NVE si handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE tek i mot og handsamar søknader om løyve til grunnvasstiltak etter vassressurslova § 45. Høyring skjer etter reglane i vassressurslova § 24.

Søknaden vert sendt på høyring og lagt ut på: www.nve.no/konsesjonssaker

Utlegginga vert kunngjort i Sogn Avis.

Høyringsfråsegn kan sendast inn **elektronisk** via saka si side på internett, per **post** til Norges vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, eller med **e-post** til nve@nve.no.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner, før NVE gjennomfører synfaring i området. Alle som har gjeve fråsegn vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang. Vedtak blir alltid grunngeve.

Om NVE gjev løyve/konsesjon, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vilkåra kan omfatte byggjefristar, særlege omsyn som må takast ved gjennomføring av tiltaket (avbøtande tiltak), naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan klagast på til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretting er kome fram til parten. Klageåtgangen er avgrensa til dei som har klagerett.

Kva vert venta av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei planane som ligg føre. Vi ynskjer grunngjevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ynskjer òg grunngjevne forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at **kommunen** skildrar tilhøve knytt til kommuneplanen og andre kommunale planar. Vi ber kommunen om å informere om kjente allmenne interesser (f.eks. landskap, friluftsliv, vassuttak, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og eventuelt andre tilhøve som kan ha verknad for gjennomføringa.

Fylkesmannen bør leggje vekt på tilhøva kring miljø, medrekna biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

Fylkeskommunen bør leggje vekt på forvaltningsplanar, kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde for fylkeskommunen.

Vi syner til våre nettsider for meir informasjon:

www.nve.no/konsesjoner.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Friluftsrådet Vest
FYLKESMANNEN I VESTLAND
Lærdal kommune
Lærdal Turlag
Mattilsynet Region Sør og Vest
MILJØDIREKTORATET
Norges geologiske undersøkelse
Norges Miljøvernforbund
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Kopi til:

Norconsult AS - Sogndal